



Kåre Landsvik
Landsvik 45
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/428 - 15/8961

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
06.05.2015

Godkjenning av tilskot til grøfting 2014 på GBNR 51/10 på Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 146/2015

Saksutgreiing:

Kåre Landsvik som driv foretaket 969916045 søker statleg tilskot til drenering av Jordbruksjord på gbnr 51/10 på Landsvik. Søknaden er motteke 05.02.15 og omfattar eit areal på 4,3 daa, men har og konsekvensar for omkringliggjande teigar. Tiltaket er på om lag 180 meter hovedgrøft og 20-25 meter sidegrøfter. Hovudgrøft skal leggjast med 10 toms rør og vil soleis ha positiv effekt på dreneringssituasjonen på heile teigen.

Søknaden har vore sendt på høyring til kulturminnestyresmakter og det er levert inn kart og Miljøplan trinn 2 med søknaden.

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknaden, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet.

Vurdering:

Det er i Miljøplan trinn 2 opplyst at målet for tiltaket er å drenera vassjuk jord gjennom grøfting. Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet og betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av nærings salt og redusert utslepp av klimagassar. For søkjar medfører tiltaket lettare arbeidstilhøve og betre økonomi. Tiltaket har positiv effekt på kulturlandskapet, då arealet som har vore vassjuk og delvis ute av drift no vert stelt til og tatt i bruk som jordbruksareal.

Berekning av tilskot

Kommunen legg til grunna at det er tale om 140 meter hovedgrøft a kr 15 pr. lm sum kr 2250 og at om lag 0,75 daa vert systematisk grøfta= kr 750. Sum tilskot kr. 3 000,-

Kulturminne

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen og det er ikkje registrert konflikhtar med kjente kulturminne.

Naturmangfaldlova

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdera konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar.

Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

Tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 3 000,- i tilskot til tiltaket

Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr.3000 i tilskot til inntil meter grøfting til Kåre Landsvik på gnr. 51, bnr.10 i tråd med søknad synt på kart motteke 04.02.2015. Arbeidsfrist er sett til 15.05.2017

Vedtaket har heimel i ordninga: Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Arbeidet skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen skal godkjenna arbeide, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til

kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Kåre Landsvik

Landsvik 45

5917

ROSSLAND